

Aurland elveigarlag
v/ leiar Bjørn Vike
Tokvamsvegen 12
5745 Aurland
Org.nr. 922 716 633

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Innspel til høyring i samband konsesjon sak 202525845 Låvi kraftverk

Høyringa om Låvi kraftverk kjem parallelt med revisjonen på reguleringa av Aurlandsvassdraget. I samband med revisjonen har Aurland elveigarlag fremja ei rekkje krav for å rette opp uheldige konsekvensar av reguleringa. Dette omfattar mellom anna minstevassføring i Vassbygdvatnet, fjerning av luke ved utløpet frå Vassbygdvatnet, tiltak for å betre temperaturtilhøva i vassdraget, opning av viktige sideløp som Tyvesja, samt tiltak for å sikre bestanden av ål i vassdraget.

Låvi kraftverk er eit stort nytt kraftverk som skal etablerast. I samband med denne høyringa er elveigarlaget først og fremst oppteken av at eit nytt kraftverk ikkje må påverke forvaltninga av vassdraget negativt. I ei så omfattande investering som Låvi kraftverk må det òg liggje moglegheiter for å betre miljøtilstanden i vassdraget.

Det er ei kjend sak at reguleringa har ført til kaldare vatn i eit vassdrag som i utgangspunktet hadde låge temperaturar. Dette har skapt eit uheldig temperaturregime i Vassbygdvatnet. Det kalde vatnet har påverka bunndyr og insektproduksjon, og dermed redusert næringsgrunnlaget for fisk og fugl langs vassdraget.

Basert på dei faglege vurderingane som ligg føre når det gjeld vassføring etter at Låvi kraftverk er sett i drift, er scenario 1 i Norce LFI-rapport 589 det einaste akseptable driftsalternativet. Konsekvensane av dette alternativet vert vurderte som noko negative, men med avbøtande tiltak kan alternativet akseptast.

Låvi kraftverk kan i stor grad nyttast vinterstid så lenge minstevassføringa i Aurlandselva er sikra. Dette vil kunne bidra til vintersjiking i Vassbygdvatnet. Det vil då kunne dannast is på vatnet, noko som er nærare naturtilstanden og som vil vere gunstig for livet i Vassbygdvatnet.

Elveigarlaget vil samstundes understreke at fråføring av sommarvatn frå Aurlandselva, slik det er skissert i scenario x, ikkje er akseptabelt. Dette vil ha stor negativ påverknad på fisk og bunndyr og svekkje den økologiske funksjonen til vassdraget.

For å sikre at drift etter scenario 1 vert gjennomført på ein miljømessig forsvarleg måte, ber vi om at tiltaket vert kombinert med:

- adaptiv forvaltning, der tiltaka vert justerte dersom overvaking viser negative effektar
- kontinuerleg overvaking av vassføring, temperatur, bunndyr og fiskebestandar, inkludert bestanden av ål
- tiltak som styrkjer gyte- og oppvekstområde slik at eventuelle negative effektar kan kompensast lokalt

Opning av luka ved utløpet frå Vassbygdvatnet over lengst mogleg tidsrom, helst full fjerning av luke, vil vere eit viktig avbøtande tiltak. Dette er peika på i ei rekkje rapportar. Skal scenario 1

fungere miljømessig, er det avgjerande at luka i alle fall står open fram til slutten av oktober, og helst vert fjerna permanent.

Det er naturleg å sjå Låvi kraftverk i samanheng med revisjonen av Aurlandsvassdraget.

Få vassdrag i Noreg har vore gjenstand for så mykje forskning som Aurlandsvassdraget. NINA, Rådgivende Biologer, Norce og SINTEF har alle peika på at temperatur er ein av dei viktigaste flaskehalsane for å betre dei økologiske tilhøva i vassdraget.

Når Låvi kraftverk skal nytte det same vatnet, må det liggje ei moglegheit til å betre temperaturtilhøva. Vi ber NVE følgje opp dette som ei viktig sak i den vidare handsaminga av konsesjonssøknaden.

Utslepp til vassdraget

Utslepp til vassdraget er ei kjend problemstilling ved store prosjekt som Låvi kraftverk. Dette gjeld både i anleggsfasen og etter at arbeidet er ferdigstilt.

Vassdraget må sikrast mot utslepp av finsediment. Her må nødvendige tiltak kome på plass. Overvatn frå anleggsområde og deponi må reinsast gjennom sedimentasjonsbasseng og mobile reinseanlegg. Det må òg etablerast ein beredskap som kan gripe inn dersom finsediment når vassdraget.

Aurlandselva var ein gong kanskje det beste sjøaurevassdraget i Noreg. Aurlandsutbygginga fekk negative konsekvensar for vassdraget. Noko av dette håpar vi kan rettast opp gjennom revisjonsprosessen.

Det er ei kjend sak at vi i framtida vil oppleve meir nedbør. Med dette som bakteppe er det naturleg å forvente at vassdraga får del i denne auka vassmengda. Med Låvi kraftverk bør det vere mogleg å rette opp noko av det uheldige temperaturregimet i vassdraget. Dette er avgjerande for livet i og langs elva – for bunndyr, insekt, fugl og fisk.

Rammene rundt konsesjonen må vere så klare at ein med bygging av Låvi kraftverk er sikra mot effektkøyning i Aurlandsvassdraget.

Vennleg helsing

Bjørn Vike

Aurland elveigarlag